



Kunsten Å TVINGE FRAM spørsmål

Ho går inn i sitt sjette år i kunstens teikn.
Kortfilmkonsulent Kalle Løchen trur Jorunn
Myklebust Syversen (32) er på veg opp og fram.

- DET ER KJEDELEG Å MÅLE. Dessutan er eg ikkje flink, seier Jorunn Myklebust Syversen. Kva gjer vel det når det er via foto, video og film biletkunstnaren frå Gol uttrykkjer seg best? Sidan 2005 har ho delteke på over 70 utstillingar, videoframsyingar og filmfestivalar i både inn- og utland. Publikum ved Astrup Fearnley Museet for Moderne Kunst i Oslo, via ulike prosjekt både i New York, Paris og Berlin har sett ar-

beida hennar. No snurrar ein av kortfilmane hennar snart rundt i Polen, Estland, Latvia, Litauen og Russland.

DET ER FLAGGFABRIKKEN Presenterer som står bak eksporten av «Nordic Art Express». Under parolen skjuler det seg elleve nordiske videokunstnarar. Jorunn Myklebust Syversen er éin av to norske. Golingsjenta er busett i Oslo og for tida i foreldrepermisjon.

Trass i ammetåke og nattevåk er ho i ferd med å byggje seg opp ein karriere som videokunstnar.

– Eg prøver å kommentere samtida, fortel Jorunn. Videoverket «Violent Sorrow Seems a Modern Ecstasy no. 2» er ein trilogi, og som namnet indikerer, film nummer to. Filmen er frå 2009 og er hennar første 35 mm kortfilmproduksjon. Den 13 minuttar lange snutten er som det meste ho leverer frå seg prega av store kontrastar mellom det vakre og det groteske. Blind vald blir gjerne estetisk framstilt. Mange vil nok oppleve kunsten hennar som provoserande, men det er ikkje målet understrekar kunstnaren sjølv.

– Eg blir provosert av at folk trur provokasjon er motivasjonen min, seier ho. Det ho prøver å seie noko om er at Hollywood styrer oss meir enn me likar å tru. – Eg arbeider med typiske verke-middel frå film fordi det er eit godt bilete på manipulasjon og det seier noko om kor prega vesten er av amerikansk kultur.

Måten Hollywood fortel sine historier på pregar vårt samfunn. Manipulasjon er eit sentralt element i moderne historieforteljing. – Sjølv om me kanskje blir flinkare til å analysere inntrykk, stiller me ikkje nok spørsmål ved kva som ligg bak. Eg vil tvinge fram spørsmåla, seier Syversen.